

RAPPORT OM AVVIK OG UØNSKA HENDINGAR RELATERT TIL SAMHANDLING APRIL 2016


Utviklinga i tal meldingar frå Helse Førde og kommunane går fram av tabellen nedanfor.

År	Melde av Helse Førde	Melde av kommunane	Sum
2010	15	32	47
2011	19	55	74
2012	14	83	97
2013	29	88	117
2014	241	84	325
2015	144	102	246
2016	24	13	37

} (Inkl. meld. frå AMK om ikkje kontakt med komm. Lege)
(Fram til 01.04.16)


Det er ein nedgang i tal meldingar frå kommunane i 1. kvartal 2016 i høve til tidlegare. Det er vanskeleg å vurdere kva årsakene til dette kan vere. Det er i stor grad dei kommunane som tidlegare har sendt ein del meldingar som har sendt meldingar også no.

Fordelinga på hovudkategoriar:




Kommunikasjonen mellom AMK og kommunal lege synest ikkje lenger å vere den same utfordringa som det var i 2014 og delar av 2015, her er det no få avviksmeldingar. Dette skuldast innskjerping av krav og rutinar og innføring av naudnettet. Dette er ei vesentleg årsak til at andelen meldinar knytt til innlegging er redusert. Det er også relativt få meldingar knytt til utskriving i høve

Meldingar som gjeld tilvising og innlegging:




Sjå ovanfor i høve til manglende kontakt med kommunal lege over helseradionettet, som sto for fleirtalet av sakene kategorisert som «andre hendingar» i 2014 og 2015. Det er få meldingar så langt i 2016. Desse er av ulik art og danner ingen trend.

Meldingar knytt til pasienten sitt opphold på sjukehus:



Det er få meldingar i 2016 og desse gjeld ulike variantar av svikt i høve til kontaktrutinar. Heller ikkje her er det teikn til eit mønster som skulle indikere systemsvikt.

Meldingar knytt til utskriving:



Det er framleis nokre meldingar som gjeld informasjonen som skal følgje pasienten ut, i epikrise og i medisinliste, i tillegg til nokre som går på transporten av pasienten. Dette er vesentlege risikoområde i samhandlinga, som det også blir arbeidd med i ulike samanhengar.

Det er så langt i år berre to meldingar som gjaldt hendingar under opphold i kommunen.

Avviksmeldingar knytt til behandlingsmessige forhold:

	2013	2014	2015	2016
Feil ved behandling	8	4	3	1
Usemjø om behandling/oppfølging	3	8	2	3
Sending av prøver til laboratoriet	0	7	1	3
Bemanning på legevakt	0	3	0	0
Diverse	4	13	0	0
Sum	15	35	6	7

Det er nokre få tilfelle av usemjø om kva som er den rette oppfølginga av pasienten og nokre tilfelle av at prøver som blir sendt til laboratoriet ikkje er merka som dei skal.